



HAREID KOMMUNE



# **HANDLINGSPROGRAM 2014-2017**

**ÅRSBUDSJETT 2014  
ØKONOMIPLAN 2015-2017  
Kommentarer og tal**

**Kommunestyret sitt vedtak**



## Innhald

<b>1</b>	<b>Rådmannen sitt forslag til vedtak .....</b>	<b>2</b>
1.1	Handlingsprogram 2014 – 2017 .....	2
1.2	Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2015 - 2017 .....	2
1.2.1	Drift.....	2
1.2.2	Investering/finansiering.....	4
<b>2</b>	<b>Rådmannen si innleiing: .....</b>	<b>7</b>
2.1	Kommunen som samfunnsutviklar: .....	7
2.2	Kommunen som tenesteprodusent: .....	7
2.3	Kommunen som arbeidsgjevar: .....	7
2.4	Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet: .....	8
2.5	Viktige suksessfaktorar: .....	9
2.6	Rådmannen sine framlegg til tiltak .....	9
<b>3</b>	<b>Kommunen sine rammevilkår .....</b>	<b>10</b>
3.1	Folketalsutvikling.....	10
3.1.1	Utvikling i befolkninga siste 10 år. ....	10
3.2	Frie inntekter .....	11
3.2.1	Skatt og rammetilskot .....	11
3.2.2	Andre frie inntekter .....	11
3.2.3	Premieavvik .....	12
3.3	Finansutgifter og inntekter.....	12
3.3.1	Renteutgifter og utbytte .....	12
3.3.2	Renteutgifter og avdrag på eksisterande lån .....	12
3.4	Forpliktande plan for inndekning av meirforbruk .....	13
3.5	Eigedomskatt .....	14
<b>4</b>	<b>Drift.....</b>	<b>15</b>
4.1	Budsjettprosessen og rådmannen sitt forslag til driftsbudsjettet 2014 og økonomiplan 2015- 2016 .....	15
4.1.1	Budsjettarbeidet for 2014 byggjer på gjeldande detaljbudsjett for 2013 .....	15
4.1.2	Framskrivning av forventa løns- og prisvekst for 2014 .....	15
4.1.3	Registrering av behov med grunnlag i vedtak og planar.....	15
4.1.4	Tiltak som er meld inn i budsjettprosessen.....	15
4.1.5	Tiltak som er innarbeidd i rådmannen sitt forslag til budsjett .....	19
4.2	Rådmannen sitt forslag til Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2015 – 2017.....	22
<b>5</b>	<b>Investeringar .....</b>	<b>24</b>
5.1	Hovudoversyn over investeringane .....	24
5.2	Rådmannen sitt framlegg - Samla oversyn etter ansvar .....	26
5.3	Innmelde forslag til investeringar .....	27
<b>6</b>	<b>Sektor .....</b>	<b>29</b>
6.1	Politisk styring og kontroll.....	29
6.2	Sektor for sentraladministrasjon.....	30
6.3	Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling .....	39
6.4	Sektor for kommunalteknisk drift.....	41
6.5	Sektor for oppvekst .....	44
6.6	Sektor for velferd.....	46

# 1 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK

## 1.1 Handlingsprogram 2014 – 2017

1. Kommunestyret vedtek Handlingsprogram for 2014-2017 m/ vedlegg 1 og 2, med dei retningsgjevande mål og premisser som går fram av handlingsprogramdokumentet
2. Handlingsprogrammet omfattar kommunen sin økonomiplan for perioden 2015-2017 og årsbudsjett for 2014 etter kommunelova
3. Handlingsprogrammet skal rullerast hausten 2014

## 1.2 Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2015 - 2017

Kommunestyret gjer slikt vedtak:

### 1.2.1 Drift

1. Skatt på inntekt og formue vert utlikna etter dei maksimale inntektsskattesatsar som Stortinget fastset.
2. Handlingsprogrammet gjeld som årsbudsjett for 2014 og økonomiplan for 2015-2017
3. Årsbudsjett/økonomiplan vert vedteke med følgjande driftshovudtal:

**BUDSJETTSKJEMA 1A:** Hovudoversikt over finans, m/netto budsjetttramme til fordeling til tenesteområda

Finansområde	Budsjett			Økonomiplan		
	(heile tusen)	2013	2 014	2 015	2 016	2 017
Skatt på inntekt og formue	-112 059	-119 161	-119 161	-119 161	-119 161	-119 161
Ordinært rammetilskot	-122 308	-132 884	-132 884	-132 884	-132 884	-132 884
Skatt på eigedom	0	-2 000	-4 000	-5 000	-5 000	-5 000
Andre generelle statstilskot	-8 838	-8 395	-8 455	-8 825	-8 665	-8 665
Renteinntekter og utbytte	-5 009	-1 909	-2 009	-2 009	-2 009	-2 009
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	11 700	10 000	10 500	11 500	12 400	12 400
Avdrag på lån	11 500	11 500	11 500	11 500	11 500	11 500
Til dekning av tidlegare års meirforbruk	5 982	5 397	5 397	5 397	0	0
Til ubundne avsetningar	596	894	554	0	3 493	3 493
Til bundne avsetningar	3 493	3 876	3 876	3 876	3 876	3 876
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	-104	0	0
Bruk av bundne avsetningar	-164	-164	-164	-164	-164	-164
Overført til investeringsregnskapet	800	630	630	630	630	630
Sum til fordeling drift.	-214 305	232 216	234 216	235 244	235 984	235 984
Saldert budsjett	0	0	0	0	0	0

4. Årsbudsjett/økonomiplan vert vedteke med følgjande nettoutgifter på dei enkelte rammeområde:

**BUDSJETTSKJEMA 1B:** Netto bindande budsjetttramme for resultateiningane:

Resultateining /Avdelingar (heile tusen)	Rev.budsj.	Budsjett		Økonomiplan	
	2013	2 014	2 015	2 016	2 017
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 756	2 632	2 872	2 632	2 822
RÅDMANN OG KOMMUNALSJEFAR	1 893	1 526	1 526	1 526	1 526
ØKONOMI OG FINANS	- 4 270	-2 674	-2 719	-2 719	-2 719
PERSONALAVDELING	1 863	2 226	2 226	2 226	2 226
PLAN OG UTVIKLINGS-AVDELING	2 978	2 975	2 975	2 980	2 980
SERVICETORGET	4 285	4 423	4 423	4 423	4 423
IKT-AVDELING	-100	26	26	26	26

Handlingsprogram 2014 - 2017

NAV-KOMMUNE	11 463	16 139	16 139	16 139	16 139
BRANNVERN	2 684	3 114	3 234	3 384	3 384
Sum sentraladministrasjon	23 552	30 387	30 702	30 617	30 807
OPPVEKSTKONTOR	21 528	24 817	24 817	24 817	24 817
BIGSET SKULE	9 190	9 497	9 497	9 497	9 497
HAREID SKULE	18 014	19 116	19 416	19 416	19 416
HJØRUNGAVÅG SKULE	7 403	7 645	7 645	7 645	7 645
HAREID UNGDOMSKULE	20 082	21 268	21 268	21 268	21 268
BIGSET BARNEHAGE	5 755	6 020	6 020	6 753	6 753
HAREID BARNEHAGE	3 754	3 908	3 908	3 908	3 908
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	7 338	7 649	7 649	7 649	7 649
Sum oppvekst	93 064	99 920	100 220	100 953	100 953
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	12 038	13 493	13 878	13 998	13 998
VELFERDSKONTOR	3 455	3 961	3 961	3 961	3 961
SJUKEHEIM LANGTID	13 587	14 358	14 358	14 358	14 908
SKUKEHEIM KORTTID	13 605	14 285	14 285	14 285	14 285
KJØKKEN	3 693	2 477	2 477	2 477	2 477
HEIMETENESTE EINING 1	11 871	12 528	12 528	12 528	12 528
HEIMETENESTE EINING 2	4 815	5 855	5 855	5 855	5 855
BU- OG HABILITETSAVDELINGA	12 370	14 069	15 069	15 069	15 069
Sum velferd	75 434	81 026	82 411	82 531	83 081
HAREID MUSIK- OG KULTURSKULE	1 671	1 906	1 906	1 906	1 906
RESSURSENTER	3 760	3 839	3 839	3 839	3 839
KULTURKONTOR	899	929	929	929	929
BIBLIOTEK	1 180	1 216	1 216	1 346	1 346
KULTURTILTAK	1 478	1 567	1 567	1 567	1 567
NÆRINGSTILTAK	81	149	149	149	149
TRUSAMFUNN	3 045	3 137	3 137	3 137	3 137
Sum næring, kultur og samfunnsutvikling	12 114	12 744	12 744	12 874	12 874
KOMMUNAL TEKNIKK	4 581	4 873	4 873	5 003	5 003
SJØLVKOSTOMRÅDE	-112	-3 858	-3 858	-3 858	-3 858
BYGG	5 672	7 125	7 125	7 125	7 125
Sum kommunalteknikk og bygg	10 141	8 140	8 140	8 270	8 270
Sum fordelt til resultateneingane	214 305	232 216	234 216	235 244	235 984

**5. Følgjande endringar i høve til driftsoversikta i saksutgreiinga vert vedtekne:**

Handlingsprogram for 2014 -2017				
	2014	2015	2016	2017

**6. Budsjettrammene for 2014 er bindande for rammeområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter**

**gjeve i økonomireglementet. Rådmannen får mynde til å omdisponere løyvingane på resultateiningsnivå innanfor den samla løyvinga til den einssilde sektoren.**

7. Vedtekne nye tiltak skal ikkje setjast i verk før fylkesmannen har godkjend budsjettet.
8. Vidare fordeling av driftsbudsjettet frå rammenivå vert å handtere i samsvar med økonomireglementet.
9. Rådmannen får fullmakt til å ta opp nødvendige likviditetslån innanfor ei kredittramme avgrensa til 25 mill. kroner.

## 1.2.2 Investering/finansiering

### 1. Investeringane vert vedtekne finansiert slik (Budsjettskjema 2A):

Budsjettskjema 2A	2014	2015	2016	2017
<b>FINANSIERING:</b>				
Overføring frå drift	600 000	600 000	600 000	600 000
Sal av grunn - diverse	500 000	500 000	500 000	500 000
Momskompensasjon	2 180 000	2 054 000	2 060 000	3 507 000
Unytta lånemidlar	150 000	0	0	0
Fond	-			1 890 000
Tilskot	250 000	0	0	2 280 000
Låneopptak 2014:	11 120 000	11 966 000	11 340 000	19 456 000
<b>Sum finansiering av inv.programmet</b>	<b>14 800 000</b>	<b>15 120 000</b>	<b>14 500 000</b>	<b>28 233 000</b>

Her av lån til:	2014	2015	2016	2017
* Sjølvkostprosjekt vatn og avløp	4 720 000	5 400 000	3 900 000	4 100 000
* Utleigebustadar	0	0	0	1 530 000
* Formidlingslån / Startlån	240 000	2 000 000	2 000 000	6 000 000
* Utbyggingsprosjekt	2 690 000	1 150 000	200 000	4 200 000
* Sikrings- og utviklingsprosjekt	3 470 000	3 416 000	5 240 000	3 626 000
<b>Sum investering</b>	<b>11 120 000</b>	<b>11 966 000</b>	<b>11 340 000</b>	<b>19 456 000</b>

### 2. Følgjande investeringsramme vert vedteken (Budsjettskjema 2B):

Budsjettskjema 2B	2014	2015	2016	2017
HAMN Hareid hamn- rehab betongkai	0	0	0	1 500 000
VATN Reservevassforsyning mot Ulstein	1 500 000	0	0	0
VATN Ny inntaksledning Hammarstøylvatnet	1 400 000	0	0	0
VATN Fornyng vassledningsnett	300 000	300 000	300 000	300 000
VATN VA- Røyset, 1. byggesteg	0	0	1 500 000	3 500 000
KLOAKK KLoakkledning Liaset-Øvrelid	300 000	0	0	0
KLOAKK Fornyng kloakknett	300 000	300 000	300 000	300 000
KLOAKK Behandlingsanlegg kloakk Hareid	200 000	4 800 000	0	0
KLOAKK Avskjerande ledningsanlegg Grimstad-Geilane	0	0	1 800 000	0
KLOAKK Avløpsanlegg Hareidd hamn - nordre molo	1 900 000	0	0	0
UTLEIGEBUSTAD Ny prestebustad	0	0	0	5 700 000
UTLÅNSORDNING Startlån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	6 000 000
<b>Sum sjølvfinansierende prosjekt</b>	<b>7 900 000</b>	<b>7 400 000</b>	<b>5 900 000</b>	<b>17 300 000</b>
PLAN- OG				
UTVIKLINGSAVDELING Bustadfelt Holstad - tilrettelegging bustadtomter	400 000	200 000	0	0
KOMMUNALTEKNIKK Byggefelt Holstad, tekniske anlegg	0	300 000	2 000 000	2 700 000
PLAN- OG				
UTVIKLINGSAVDELING Pålhaugen 2 - grunnkjøp	1 000 000	0	0	0
PLAN- OG				
UTVIKLINGSAVDELING Eliasgarden - grunnkjøp	650 000	650 000	0	0
PLAN- OG				
UTVIKLINGSAVDELING Hareidsmyrane Industriområde - grunnkjøp	0	0	0	1 500 000

Handlingsprogram 2014 - 2017

PLAN- OG					
UTVIKLINGSAVDELING	Ymse grunnkjøp	500 000	500 000	500 000	500 000
<b>Sum utbyggingsprosjekt</b>		<b>2 550 000</b>	<b>1 650 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>4 700 000</b>
Serviceorg og pol.sekr.	Lesebrett til politikarar / kontrollutval		130 000		
PLAN- OG					
UTVIKLINGSAVDELING	Hareid nye kyrkjegard - grunnkjøp (oppstarta)	500 000	500 000	500 000	0
IT-AVDELING	Fellesprosjekt fiberkabel Hareid-Ulstein	0	0	0	2 000 000
IT-AVDELING	SSIKT - Hareid sin del av investeringane	260 000	0	0	0
IT-AVDELING	IT/læremiddel i skulane	0	200 000	200 000	200 000
KJØKKEN	Ny kombidampar	0	120 000	0	0
	Tryggleiksalarmar - analog linje går ut og vi må				
HEIMESJUKEPLEIE	kjøpe inn nye alarmer for framtida	300 000	300 000	300 000	300 000
KULTURVERN/MUSEER	Kvitnes dokumentasjonssenter	0	250 000	250 000	250 000
KULTURVERN/MUSEER	Skilting av kulturminne Ovra	0	150 000	150 000	0
KULTURVERN/MUSEER	Kulturminneplan-oppstart arbeid	0	150 000	0	0
GEODATA	Ortofotografering	0	0	0	213 000
BRANNVERN	Ny tankbil	0	1 400 000	0	0
BRANNVERN	Ny vaktbil	0	0	400 000	0
BRANNVERN	Meir utstyr ny brannstasjon	200 000	0	0	0
KOMMUNALTEKNISK					
KONTOR	Gjerdeelva, førebygging	500 000	0	0	0
VEGAR	Fast dekke	200 000	200 000	200 000	200 000
VEGAR	Pålhaugen 2	0	1 400 000	300 000	0
VEGAR	Eliasgarden, tekniske anlegg	800 000	0		0
FDV BYGNINGAR	Forprosjekt avlastningsbustadar	0	200 000	0	0
FDV BYGNINGAR	Sjueheimen, ventilasjon	0	0	1 700 000	0
FDV BYGNINGAR	Brannstasjon, nytt taktekke	0	350 000	0	0
FDV BYGNINGAR	Sansehage	150 000	0	0	0
FDV BYGNINGAR	Bigset barnehage, vognrom, leikeskur, uteområde	0	0	0	150 000
FDV BYGNINGAR	Bigset barnehage, vognrom, leikeskur, uteområde	0	0	0	150 000
FDV BYGNINGAR	Syverplassen barnehage, vognskur	0	0	0	150 000
FDV BYGNINGAR	Syverplassen barnehage- utviding/ny				
FDV BYGNINGAR	parkeringsplass	0	0	0	500 000
FDV BYGNINGAR	Rådhuset, ny taktekking	0	0	1 300 000	0
FDV BYGNINGAR	Brannvarsling Hareidhallen (NYTT PROSJEKT)	400 000	0	0	0
HAREID SOKN	Utviding stell av driftsområdet på kyrkjegarden	0	0	0	100 000
HAREID SOKN	Asfaltering av parkeringsplassen + lys	0	0	0	130 000
HAREID SOKN	Nytt golv og varmesystem i kyrkjeskippet	0	0	0	950 000
HAREID SOKN	Løpar til midtgangen i kyrkja	0	0	0	100 000
HAREID SOKN	Nye lysarmatur i kyrkja	0	0	0	120 000
HAREID SOKN	Nytt inngangsparti med universell utforming inkl nye				
HAREID SOKN	toalett og kjøkkenkrok	0	0	150 000	120 000
FINANS	Kjøp av eigenandel i KLP	600 000	600 000	600 000	600 000
<b>Sum sikrings- og utbyggingsprosjekt</b>		<b>3 910 000</b>	<b>5 950 000</b>	<b>6 050 000</b>	<b>6 233 000</b>
<b>Sum investeringsprosjekt</b>		<b>14 360 000</b>	<b>15 000 000</b>	<b>14 450 000</b>	<b>28 233 000</b>

Investeringsoversyn ordna etter ansvar i høve organisasjonsnivå kan finnast i kapittel 5.

3. Dei avdragstider som går fram av kap. 5.2 i handlingsplanen vert vedtekne.
4. Investeringar skal ikkje settast i gang før lånetilsagn og eventuelle tilsagn om investeringstilskot ligg føre. Finansiering ved sal av kapitalvarer skal også vere gjennomført før igangsetting.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak, herunder godkjenne lånevilkår og skrive under lånedokument, innanfor dei rammer som er gjeve.
6. Godgjerdse til ordførar for 2014 vert fastsett til ..... gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år)

- 7. Godtgjerdse til varaordførar for 2014 vert fastsett til ..... gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år)**
- 8. Formannskapet får mynde til å disponere inntil kr 100 000,- som reserverte tilleggsøyvingar under ansvar 111.**
- 9. Ordførar får fullmakt til å disponere midlar under reserverte tilleggsøyvingar på ansvar 111 avgrensa til einskildbeløp inntil kr 3 000,- innanfor ei ramme på kr 15 000,-.**
- 10. Rådmannen får fullmakt til å garantere for lån avgrensa til kr 10 000,- pr person og innanfor ei samla ramme på kr 50 000,- for 2014, jf. § 5-4 i lov om sosiale tenester.**
- 11. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar i samsvar med vedlegg 1.**

**Med mindre anna er sagt særskilt gjeld følgjande:**

- **Satsane er i kroner**
- **Satsane gjeld frå 1.1.2014**
- **Meirverdiavgift kjem i tillegg**
- **For sjølvfinansierande område skal ev. overskot plasserast på tilhøyrande fond**

## 2 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Som kjend er Hareid kommune inne på Robek-lista. Og dette vil vere situasjonen heilt til alt tidlegare akkumulert og eventuelt framtidig underskot på rekneskapen er dekt inn. Pr. 31.12.2012 var det akkumulerte underskotet på om lag 16,2 mill. kroner. Situasjonen er såleis utfordrande både for politikarane og dei tilsette i Hareid kommune. Det fins ingen snarveg ut frå dette uføret. Utfordringa er i første rekke å syte for at tenesteproduksjonen i handlingsprogramperioden, og då primært i den perioden då tidlegare års underskot skal dekkast inn, ikkje vert for sterkt skadelidande. Denne oppgåva er krevjande, slik at ein kan oppleve at utviklinga av Hareidsamfunnet vert påverka i negativ retning i denne perioden. Ein kan vanskeleg drive eit godt utviklingsarbeid og dekke inn gammalt driftsunderskot samstundes. Særleg ikkje sidan det er grunn til å tru at fylkesmannen vil legge sterke restriksjonar på kommunen sitt høve til å ta opp nye lån.

Rådmannen leverer også denne gongen eit saldert budsjett i balanse, slik kommunelova krev. Men sidan kommunen har Robek-status er dette ikkje nok. I tillegg er rådmannen forplikta til å legge fram ei sak om "forpliktande plan" til kommunestyret sitt budsjettmøte i desember. Budsjett og forpliktande plan skal vedtakast i same kommunestyremøte og det må vere samanheng mellom tiltaka i forpliktande plan og dei faktiske rammene i handlingsprogrammet. Ein forpliktande plan skal vise naudsynte tiltak i høve det å kunne oppnå tilstrekkeleg rekneskapsmessig netto driftsresultat i kommunen.

### 2.1 Kommunen som samfunnsutviklar:

Kommunen har ei viktig rolle som utviklar av Hareidsamfunnet. Noko av dette speglast direkte av budsjett og handlingsprogram, eksempelvis gjennom løyvingar til viktige samfunnsmessige funksjonar som skule, barnehage, helse, omsorg og teknisk infrastruktur. Men også gjennom vårt arbeid elles, som tenesteproducent, og gjennom det å vere ein stor arbeidsgjevar i kommunen, vert vi ein viktig premissleverandør til samfunnsutviklinga.

Som rådmann er det mitt mål, trass i dei avgrensingane som økonomien vil sette, at kommunen skal være ein utviklar, ein tilretteleggar og ein samarbeidspartner for resten av Hareidsamfunnet. Gjennom samspel mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar og anna frivillig arbeid, kan gode løysingar skapast.

### 2.2 Kommunen som tenesteproducent:

Utfordringa framover vert at brukarmedverknad skal bli ein naturleg del av tankegangen til alle oss som er kommunalt tilsette. Berre gjennom å produsere gode tenester, og i godt samarbeid med brukarane våre, kan vi skape legitimitet som organisasjon. Brukarundersøkingar som metodikk, vert innført i 2014 og vidareført i komande år av handlingsprogrammet.

Vårt hovudmål er å verte ei profesjonell og serviceretta kommune. Vidare at kvar einskild tilsette gir ei kvalitativt god teneste i dei daglege møta med brukarane i kommunen. Ei ekstra utfordring vil vi møte i dei tronge økonomiske rammene og i vår status som ROBEK-kommune.

### 2.3 Kommunen som arbeidsgjevar:

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs og skal ha fokus i høve dette. Rådmannen erfarar at mange tilsette i kommunen opplever høg grad av belastning i arbeidet, i ein krevjande kvardag. Det vil være ei målsetting å møte denne utfordringa med ein aktiv personalpolitikk og god leiing. Utfordringa framover finn vi først og fremst på to felt:

- Dei tilsette må få gode mulegheiter til å utvikle seg i jobben sin. Dette inneberer både å legge til rette for kompetanseutvikling, men og til å organisere tenesta slik at ein får interessante arbeidsoppgåver og variasjon i dagane. Dette vil være eit svært viktig konkurransefortrinn for å kunne rekruttere og halde på fagfolk framover.



- Fokus på grad av nærvær i arbeidet må fortsatt aukast. Høgt sjukefråvær kostar både økonomisk og menneskelig og det ligg ei betydeleg oppside i det å arbeide for å legge til rette for at dei tilsette skal trivast i arbeidet, slik at terskelen for å vere borte frå arbeidet skal kunne hevast. Alt sjølv sagt, slik at dei rette omsyn, både til den tilsette, dei nære kollegaene og brukarane, vert tekne i vare. Dersom ein manglar fokus på dette viktige området, kan ein elles erfare ein vond sirkel, der presset på dei som er tilbake på jobb, blir så stort, at og dei vil stå i fare for å verte sjukmelde. Arbeidet med fortsatt fokus på nærvær vert forsterka. Metodikk for systematiske medarbeidarundersøkingar vert innført frå og med 2014 og vil bli vidareført i åra som kjem.

## **2.4 Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:**

### **Mål 1 - Hareid ut av ROBEK. Få balanse mellom budsjett og rekneskap – betre økonomistyring.**

- Ein vil i arbeidet med budsjettkontrollane både ha fokus på kortsiktige tiltak som kan ta ned kostnadane, og på sterk kostnadskontroll, slik at ein ikkje får overraskingar på slutten av året. Med eit overforbruk over tid, slik som Hareid har hatt, krevjast det større driftsmessige tiltak for å oppnå balanse. Men ei styrking av ressursituasjonen på økonomisida er sterkt etterspurd. Etablering av ein Kontrollarfunksjon ville ha vore ei kjærkomen styrking av økonomifunksjonen og kunne ha gitt eit betydeleg potensiale for betring av økonomistyring og utvikling / vedlikehald av leiaravtalar. Rådmannen har førebels ikkje funne rom for å foreslå dette som tiltak i framlegget som no ligg føre, men ynskjer å arbeide vidare for å greie ut mulegheitene for å etablere denne viktige funksjonen, så snart som muleg. Andre viktige tiltak, som er lettare tilgjengeleg innanfor handlingsrommet vårt, er generell styrking av kompetansen i organisasjonen i bruk av eksisterande rapporteringssystem og programvare, samt innføring av supplerande programvare for bruk lokalt, i einingane si økonomistyring.

### **Mål 2 – Starte oppbygging av disposisjonsfond i handlingsprogramperioden 2014 – 2017 og legge grunnlaget for driftsmessig rom for eigenkapital til investeringer i framtida.**

- Som ROBEK-kommune er jobb nummer ein å reetablere økonomisk balanse. I ein slik situasjon ligg normalt oppbygging av vesentlege disposisjonsfond eit stykke inn i framtida. Men når meirforbruket frå tidlegare år er dekt inn, er det avgjerande at ein opprettheld eit overskot, slik at ein har økonomisk handlefridom framover. Dette vil, på sikt, både kunne bidra til at låneopptak vert reduserte (ved at en har eigenkapital til investeringar), og at en har bufferar til å takle uføresette situasjonar. Gitt Hareid kommune sin situasjon er dette ei langsiktig oppgåve. I handlingsprogramperioden vert det, i rådmannen sitt framlegg, lagt opp til at ein ikkje skal auke lånegjelda i den perioden kommunen er i ROBEK. Dette vil lett kunne føre til eit akkumulert investeringsbehov, som nok vil vise igjen i første året etter at akkumulert underskot er dekt inn. Men etter det bør kommunen ta sikte på å bygge disposisjonsfond med sikte på å etablere bufferar og redusere trongen for lånefinansiering av nye investeringar.

### **Mål 3 – utvikle styringsdokument som sikrar måloppnåing av dei økonomiske måla, nemnt ovanfor.**

- Budsjett og handlingsprogram bør spegle dei reelle utfordringane. Grunna dei vanskelege økonomiske rammevilkåra ser ein ofte at dei same tiltaka vert melde inn år etter år. Ofte er dette reelle og allereie etablerte innsatsfaktorar, som ein i ein viss grad ikkje kan velje bort. Og det som ikkje kan veljast bort i den verkelege drifta, bør ein heller ikkje velje bort i budsjettarbeidet. Resultatet blir i så fall eit lite realistisk budsjett og eit skeivt bilete av dei verkelege utfordringane. Så langt som muleg, har ein forsøkt å etterleve dette prinsippet i styringsdokumentet som no vert lagt fram. Og ein har kome eit stykke på veg, grunna ei god fordeling i statsbudsjettet, refinansiering av lån med høg rente og ein føresetnad om at kommunen skal få høve til å nytte eigedomskatt som inntektskjelde. I tillegg tek ein sikte på at ein ikkje skal auke lånegjelda i den perioden kommunen er på ROBEK-lista. I praksis vil det seie at kommunen ikkje bør gjere nye låneopptak som overstig avdrag på allereie

etablert lånegjeld i dei åra då kommunen skal dekke inn akkumulert underskot. På den måten sikrar ein at kommunen ikkje pådrar seg auka finanskostnader, gitt uendra rente.

## **2.5 Viktige suksessfaktorar:**

Skal ein lykkast med å få økonomien på fote, må ein ha dei tilsette med i prosessen. Det er naudsynt å få til samarbeid og samhandling, både på forslag til tiltak, og i gjennomføringa av tiltak. Vi må få til gode prosessar, med medverknad på alle nivå, det være seg i politiske fora, i møte mellom rådmannen og hovudtillitsvalde, og ute i dei einskilde einingane.

Leiing er eit område av kritisk art, og det er heilt naudsynt å ha fokus på leiing om ein skal lykkast med å drifte Hareid kommune på ein best muleg måte. Det skal leggst opp til å etablere eit heilskapeleg styringssystem der resultatbasert leiing er grunnpilaren. For å få til dette må ein etablere tette rapporteringar frå den einskilde eininga, og ha fokus på at einingar med særskilte utfordringar følgjast tett opp frå rådmannens si leiargruppe. Tydelege, resultatfokuserte og tilstedeverande leiarar vert eit sentralt punkt.

Rådmannen ynskjer å rose fagforeiningane, for at dei både stiller opp i prosessar, og bidrar konstruktivt til dei gode løysingane.

Og ikkje minst: Vi må jobbe både kort- og langsiktig. Det tar tid å gjennomføre større tiltak, og i mellomtida må vi leve med stramme budsjett. Målet er at dei tiltaka vi gjennomfører skal gi effekt etter kvart.

## **2.6 Rådmannen sine framlegg til tiltak**

Rådmannen har i sine framlegg til budsjett, hatt fokus på utvikling av Hareid kommune, innanfor dei økonomiske rammene og det regimet som eksisterer i ROBEK. Dette er avgjerande for at Hareid kommune skal kunne leve med og kome ut av ROBEK, samstundes som kommunen skal vere ein god plass å bu i. Det er krevjande å være offensiv i utbygging av nødvendig infrastruktur om ein samstundes må redusere kommunen sitt driftsnivå for å forsvare auka finanskostnader. Vi kan ikkje rekne med å klare begge deler på ein gong. Det er derfor, i rådmannen sitt framlegg, ikkje tatt høgde for investeringar som krev låneopptak ut over årleg nedbetaling av gjeld, etter at det er korrigert for mva-kompensasjonen.

På driftssida er dei største tiltaka knytt til reell budsjettering av barnevernet og til kostnader i samband med driftsstøtte til nye private barnehageplassar. Desse to tiltaka legg åleine beslag på ein stor del av tilgjengelege nye midlar i budsjettet. Utover dette, vert det gjort framlegg om å rette opp underbudsjettering i nokre einingar, samt ei naudsynt styrking av nokre tenester i sektor for Velferd. For meir detaljerte opplysningar vert det å vise til liste over godkjende / ikkje godkjende nye tiltak. Det er likevel grunn til å nemne at ein har lagt opp til å styrke byggesaksbehandlings funksjonen med ei heil stilling. Det vert føresett at styrkinga skal vere sjølvfinansierande gjennom auke i gebyra og i auka aktivitet. Men for at dette skal kunne verte gjennomført, slik det er tenkt, er ein sjølv sagt avhengig av at tenesta vert etterspurd i tilstrekkeleg grad, og dette er til dels avhengig av eksterne, lite påverkelege faktorar.

### 3 KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR

#### 3.1 Folketalsutvikling

##### 3.1.1 Utvikling i befolkninga siste 10 år.

Utviklinga i folketalet og samansetjinga av denne er eit av dei viktigaste faktorane ved utforming av utviklingstiltak for kommunen generelt og dei kommunale tenestene spesielt.

Tabellen nedanfor viser folketalutviklinga i Hareid for perioden pr. 01.01. 2002 til 2013. Folketalet i Hareid gjekk jamt opp fram til 2002, for så å gå nedover med heile 143 personar fram til og med 2005. Sterk og aukande vekst frå 2007, og opp til 5057 pr. 01.01.2013.

Hovudtendensen er at den yngste gruppa 0 – 15 år er svært stabil. Den yrkesaktive gruppa 20 – 66 år hadde sterk auke i 2007 og positiv vekst utover til 2013. Aldersgruppa 1-5 år viser positiv vekst, mens ungdomsskulegruppa viser synkende tendens. Aldersgruppa 67 og eldre har generelt ein auke på om lag 2 % dei siste åra.

HAREID pr. 01.01.	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Menn	2 391	2 353	2 329	2 305	2 305	2337	2 360	2 417	2442	2489	2540	2567
Kvinner	2 389	2 377	2 341	2 353	2 332	2338	2 381	2 400	2417	2443	2460	2490
0 år	54	43	54	63	55	49	50	80	55	63	77	54
1-5 år	334	309	276	269	277	282	282	303	312	310	320	354
<b>Sum barnehage</b>	<b>388</b>	<b>352</b>	<b>330</b>	<b>332</b>	<b>332</b>	<b>331</b>	<b>332</b>	<b>383</b>	<b>367</b>	<b>373</b>	<b>397</b>	<b>408</b>
6-12 år	516	520	507	486	478	480	473	441	432	437	428	430
13-15 år	234	220	222	229	226	210	210	212	226	218	209	194
<b>Sum grunnskule</b>	<b>750</b>	<b>749</b>	<b>729</b>	<b>715</b>	<b>704</b>	<b>690</b>	<b>683</b>	<b>653</b>	<b>658</b>	<b>655</b>	<b>637</b>	<b>624</b>
<b>16-19 år</b>	<b>262</b>	<b>285</b>	<b>287</b>	<b>299</b>	<b>287</b>	<b>300</b>	<b>306</b>	<b>289</b>	<b>287</b>	<b>288</b>	<b>282</b>	<b>297</b>
20 – 44 år	1572	1528	1476	1430	1419	1433	1467	1529	1544	1598	1640	1646
45 – 66 år	1133	1158	1173	1195	1207	1248	1282	1297	1314	1339	1351	1374
<b>20-66 år</b>	<b>2 705</b>	<b>2 686</b>	<b>2 649</b>	<b>2 625</b>	<b>2 626</b>	<b>2681</b>	<b>2749</b>	<b>2 817</b>	<b>2858</b>	<b>2 937</b>	<b>2991</b>	<b>3020</b>
67-79 år	440	436	438	450	439	435	420	416	420	417	424	428
<b>80 år og eldre</b>	<b>235</b>	<b>231</b>	<b>237</b>	<b>237</b>	<b>249</b>	<b>238</b>	<b>251</b>	<b>259</b>	<b>269</b>	<b>262</b>	<b>269</b>	<b>280</b>
80 – 89 år							220	221	222	213	220	228
90 år og eldre							31	38	47	49	49	52
<b>Sum folketal</b>	<b>4 780</b>	<b>4 730</b>	<b>4 670</b>	<b>4 658</b>	<b>4 637</b>	<b>4675</b>	<b>4 741</b>	<b>4 817</b>	<b>4859</b>	<b>4932</b>	<b>5000</b>	<b>5057</b>
Årlig %-vis endring	0,4	-1,0	-1,3	-0,3	-0,5	0,8	1,4	1,6	0,9	1,5	1,4	1,1

HAREID pr. 01.01.	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Barn og unge (0-15 år)	1138	1092	1059	1047	1036	1021	1015	1036	1025	1028	1034	1032
Vgs og arbeidsliv (16-66 år)	2967	2971	2936	2924	2913	2981	3055	3106	3145	3225	3273	3317
Eldre (67 år og over)	675	667	675	687	688	673	671	675	689	679	693	708
<b>Sum folketal</b>	<b>4780</b>	<b>4730</b>	<b>4670</b>	<b>4658</b>	<b>4637</b>	<b>4675</b>	<b>4741</b>	<b>4817</b>	<b>4859</b>	<b>4932</b>	<b>5000</b>	<b>5057</b>
<b>%-vis endring frå året før</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Barn og unge (0-15 år)	-0,4	-4,0	-3,0	-1,1	-1,1	-1,5	-0,5	2,1	-1,0	0,3	0,6	0,0
Vgs og arbeidsliv (16-66 år)	0,6	0,1	-1,2	-0,4	-0,4	3,5	2,5	1,7	1,3	2,5	1,5	1,3
Eldre (67 år og over)	0,7	-1,2	1,2	1,8	0,1	-2,2	-0,3	0,6	2,1	-1,5	2,0	2,1

Prognosane framover viser framleis folketalsvekst for Hareid.

## 3.2 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, ( ekskl. eidegdomsskatt ) momskompensasjon frå investeringar og andre ikkje øyremerka statlege tilskot, og er hovudsak finansieringskjelda for finanskostnadar og driftsrammene for tenesteområda.

### 3.2.1 Skatt og rammetilskot

Regjeringa sitt opplegg for frie inntekter i form av skatt på formue og inntekt samt rammetilskot viser følgjande:

Tusen kroner	2011	2012	2013	2014
Skatteinntekter	99 741	108 762	115 646	119 059
Rammetilskot	102 707	110 752	120 562	132 146
Sum skatt og rammetilskot (avrunda )	202 448	219 514	236 200	251 200

Desse frie inntektene er innarbeidd i handlingsprogrammet i form av skatt og rammetilskot

Regjeringa sin tildelte ramme for Hareid , med grunnlag i Statsbudsjettet for 2014

HAREID	2011	2012	2013	2014
Innbyggjartilskot (likt beløp pr innb)	93 504	103 764	109 359	115 541
Utgiftsutjamning	1 896	90	4 989	9 976
Overgangsordningar (INGAR frå 2009)	-722	-345	-308	-311
Saker særskilt fond (fysioterapi/Kvalifiseringspro)	1 122	1 103	-	184
Ordinært skjønn inkl. Bortfall av dif.arb.avg.	500	250	650	600
Kompensasjon Samhandlingsreforma		731	755	778
RNB2009/RNB2010/Prop59S/RNB2011-2013	111	112	60	-
Sum rammetilskot utan inntektsutjamning	96 430	105 705	115 339	126 767
Netto inntektsutjamning	6 281	5 047	5 223	5 379
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>102 707</b>	<b>110 752</b>	<b>120 562</b>	<b>132 146</b>
Rammetilskot - endring i %	85,8	7,8	8,9	9,6
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>99 741</b>	<b>108 762</b>	<b>115 646</b>	<b>119 059</b>
Skatteinntekter - endring i %	-7,9	9	6,33	2,95
Andre skatteinntekter (eidegdomsskatt)	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskot (avrunda)</b>	<b>202 448</b>	<b>219 514</b>	<b>236 200</b>	<b>251 200</b>

Tabellen ovanfor viser at innbyggjartilskotet – med 5064 innbyggjarar pr. 01.07 .2013 - innbyggjarar – aukar med om lag 6,3 mill. Like eins har utgiftsutjamninga auka vesentleg dei 2 siste åra, frå nær kr. 0 i 2012 til nær 10 mill. for 2014.

Samla auke i frie inntekter frå 2013 til 2014 vil venteleg bli nær 15 mill. Etter framskriving av forventa og vekta løns- og prisvekst på 3 %, tilsvarande 6,2 mill., vil kommunen kunne få ein realvekst i frie inntekter på nær 9 mill. frå 2013 til 2014. Dette skal m.a. dekke endring i demografi og ulike tiltaksordningar som er innarbeidd i Statsbudsjettet.

### 3.2.2 Andre frie inntekter

Det er under "Andre frie inntekter" innarbeidd følgjande:

Inntekt	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Momskomp. (inv.)	884	967	260	0
Flyktingetilskot	5 388	6 160	6 042	5 600
Rentekompensasjon inv.lån	2 412	2 280	2 500	2 500
Premieavvik	710	6 331	3 010	2 940
Utbytte (inkl. ekstra emisjonsutbytte 2013 kr. 3,3 mill.)	3 557	1 708	4 100	1 000
Sum	12 951	17 446	15 912	12 040

#### 3.2.2.1 Momskompensasjon

I 2009 hadde driftsrekneskapen ei inntekt frå momskompensasjon frå investering på. 9 mill. Stegvis avviking av ordninga med 20% kvart år 2010 -2013 har føre til stor inntektsreduksjon i desse åra. For 2014 er ordninga avvikla og inntekta kr. 0.

**Tap av driftsinntekter frå momskompensasjon på kr. 9 mill. i 2009 til kr. 0 i 2014 har vore og er framleis eit sentralt moment i kommunen sine økonomiske utfordringar og tilpassingsbehov.**

### 3.2.2.2 Flyktingetilskot

Flyktingetilskotet har - med målsetting om årleg opphald på ca. 50 flykningar som oppeber integreringstilskot – ein prognose på 5,6 mill. for 2014, og opp mot 6,0 mill. i 2016, alt etter samansetningar i flyktingegruppa og satsar pr. årsintervall.

### 3.2.2.3 Rentekompensasjon for investeringar

Rentekompensasjon for investeringsreformer innan skulebygg og institusjonsbygg, er budsjettert til kr. 2,5 mill. pr. år. Desse inntektane har gradvis gått ned, saman med nivået i marknadsrent, og kan ha i seg ein vel positiv prognose for 2014.

---

## 3.2.3 Premieavvik

Premieavvik gir uttrykk for forskjellen mellom betalt pensjonspremie og bokført premie. Årleg premieavvik – positivt eller negativt – akkumulerer seg opp til ei framtidig utgift/inntekt som skal fordelast på rekneskapen dei neste 15 år, frå 2011 dei neste 10 år. I eit år med finanskrisa og låg rente får pensjonsfondet låg avkastning frå finansmarknaden, og årleg premie må stige tilsvarande for å dekke forpliktelsar. Premien må betalast og belastar likviditeten, mens ein meir «normal» premieutgift/inntekt vert belasta rekneskapen. Negativ premieavvik vert bokført som inntekt, og positivt avvik vert bokført som utgift. Årleg premie, premieavvik og avsetning til dekning for tidlegare års premieavvik - med påslag av 14,1 % arbeids-gjevaravgift - vert bokført i rekneskapen funksjonskode 170 og 171. Akkumulert premieavvik er per 01.01. 2013 på til saman kr. 14 mill., som belastar kommunen sin likviditet på same vis som akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk.

Netto premieavvik frå Statens pensjonskasse og Kommunal Landspensjonskasse svingar slik frå år til år:

- 2011 kr. 710 000 ( utgift, rekneskap)
- 2012 kr. 6 331 682 ( inntekt rekneskap)
- 2013 kr. 3 010 000 ( inntekt, budsjettert prognose)
- 2014 kr. 2 900 000 ( inntekt, budsjettert prognose)

Det knyter seg stor usikkerheit til budsjettert prognose grunna usikker utvikling i finansmarknaden.

I budsjettforslaget for 2014 er det – med ein ibuande risiko for endring i finansmarknaden - budsjettert med ca. 4,6 mill. i inntekt, og ca. 1,7 mill. i avsetning til dekning for tidlegare års inntektsført premieavvik. Dette gir eit budsjettert netto positivt bidrag / inntekt på 2.9 mill. for 2014.

---

## 3.3 Finansutgifter og inntekter

### 3.3.1 Renteutgifter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er budsjettert til kr. 1,4 mill., og samansett av følgjande:

- Aksjeutbytte Tussa ..... kr. 1,0 mill.
- Renter på bankinnskott .... kr. 0,4 mill.

---

### 3.3.2 Renteutgifter og avdrag på eksisterande lån

Kommunen har pr. 30.09. 2013 ca. 340 mill. i ekstern lånegjeld, fordelt på:

- 23 mill. i formidlingslån / utlån til andre.
- 317 mill. i investeringslån.

I tillegg har kommunen eit likviditetslån på 15 mill. (definert som kortsiktig gjeld)

Kommunen sine renteutgifter har stabilisert seg dei siste åra.:

Handlingsprogram 2014 - 2017

2011: kr. 11,7 mill. (rekneskap)

2012: kr. 11,9 mill. (rekneskap)

2013: kr. 11,7 mill. (budsjett)

Vekta gj.snittleg rente for heile porteføljen er pr. 30.9. 2013 på 3.12 %, mot 3,58 % i 2012.

I løpet av 2014 går rentebindingsperiodane for heile 96 % av låneportefølgjen ut, og må refinansierast. Ved refinansiering av så stor del av låneportefølgjen i 2014, vil ein måtte – spesielt som Robek-kommune -ta omsyn til bl.a. følgjande moment:

- Lågast mogleg rentekostnad tilseier i dagens marknad framleis kort rentebinding.
- Sikre stabilitet og «kjent rentekostnad» med lenger bindingsperiode, og dermed lågast mogleg risiko for renteoppgang i planperioden.

**I budsjettforslaget for 2014 er det lagt inn ein prognose på 9,5 mill. i renteutgifter.** Denne prognosen byggjer på forventning om framleis nedgang i gjennomsnittsrenta, etter refinansiering av store deler av låneportefølgjen. Som netto rentebelastning for kommunen, er det budsjettert med ein «intern renterefusjon» av rentekostnadar frå sjølvkostområda startlån, vatn og avløp på ca. 2 mill.

Avdrag på lån skal i utgangspunktet følgje avdragsprofilen på låneportefølgjen, og er primært ei likviditetsbudsjettering for betaling av avdrag. I rekneskapen vert det – i tillegg til betalt avdrag også vurdert om "vekta avdragsbelastning i høve til økonomisk gjenverande levetid for kommunens realaktiva, inventar, utstyr, maskiner bygg og anlegg, er større enn betalt avdrag. Er "vekta årleg avskrivning / minimumsavdrag" størst enn betalt avdrag, skal rekneskapen belastast med beløpet for kalkulert minimumsavdrag.

Det er for 2014 budsjettert med 11,5 mill. i avdrag på investeringslån.

### **3.4 Forpliktande plan for inndekning av meirforbruk**

**Meirforbruket i 2009, 2010, 2011 og 2012 er på tilsaman 16,2 mill.**

Hareid kommune vart i 2009 meldt ut av ROBEK-ordninga. Kommunen vart i 2011 meldt inn igjen i ROBEK. Kommunen har gått med slikt meirforbruk dei siste 3 åra:

**2009 4,1 mill.**

**2010 9,4 mill.**

**2011 1,7 mill.**

**2012 1,0 mill.**

Kommunen har sidan 2011 budsjetter følgjande avsetning til dekning for tidl. års meirforbruk, utan å make oppfølging i rekneskapane:

**2011 4,1 mill.**

**2012 5,9 mill.**

**2013 6,0 mill.**

Ved avslutning av rekneskapane i 2011 og 2012 har ein måtte stryke budsjettert avsetning grunna for svakt netto driftsresultat. Kvartalsrapporten pr. 30.09 2013 signaliserer at heller ikkje i 2013 vil kommunen make å følgje opp budsjettert avsetning.

Kommunen vart i 2011 meldt inn i ROBEK etter kommunelova §60 nr 1 bokstav c, fordi kommunen vedtok å dekke meirforbruket i 2009 og 2010 over meir enn 2 år, altså 4 år.

I 2013 er kommunen meldt inn i ROBEK etter § 60 nr. 1 boksta d, fordi kommunen ikkje føl opp eige vedtak om «forpliktande plan» for inndekning av akk. meirforbruk.

I sak om rekneskapsrapport pr. 30.09. 2013 vil kommunestyret den 14.11. 2013 venteleg vedta å søke Kommunal- og regionaldepartementet om løyve til å dekke akkumulert meirforbruk på tilsaman kr. 16,2 mill. for åra 2009 – 2012, **med avsetning på 5,4 mill. pr. år i åra 2014 – 2016.** Dette er lagt til grunn i rådmannen sitt forslag til budsjett for 2014, og økonomiplanen 2015- 2017.

Kommunestyret vil i same møte venteleg vedta følgjande handlingsplan for å understøtte søknaden om forlenging av perioden for avsetning til dekning av meirforbruket:

- Handsame sak om ev. innføring av eigedomsskatt i Hareid frå 2014.
- Halde investeringsbudsjettet på eit nivå som ikkje belasta kommuneøkonomien ytterlegare før akkumulert underskot er dekt inn.
- Gjere naudsynte vurderingar i høve organisatoriske strukturar
- Utarbeide «Forpliktande plan for 2014 – 2016» for realisering av tiltak som skal sikre reell rekneskapsmessig avsetning til dekning av akkumulert meirforbruk på 16,2 mill.

### 3.5 Eigedomsskatt

Sak om innføring av eigedomsskatt i Hareid har tidlegare vert handsama i budsjettmøta i des. 2011 og 2012. Ny sak om ev. prinsippvedtak om innføring av eigedomsskatt vert – som nemnt ovanfor - handsama i kommunestyret den 14.11. 2013.

Det er ingen tvil om at kommunen treng ei styrking av inntektsgrunnlaget dersom ein skal makte å bære den utgiftsaktivitet kommunen har hatt dei siste åra. Styrking av inntektsgrunnlaget vil bidra til:

- meir realistiske driftsbudsjett for tenesteiningane og dermed unngå meirforbruk
- å skape eit netto driftsresultat som vil sikre avsetning til dekning av akk. meirforbruk
- å kome ut av ROBEK og få tilbake «sjølvstyret» for finansiering av investeringar.

Rådmannen sitt forslag til budsjett for 2014 og økonomiplanen for 2015 – 2017 har i seg følgjande forsiktig vurdert anslag for inntekt frå eigedomsskatt:

- 2014 2,0 mill. (estimert netto etter etableringskostnader)
- 2015 4,0 mill.
- 2016 5,0 mill.
- 2017 5,0 mill.

Sikrere prognose får ein først når ev. vedtak er gjort, og kommunen får tilgang til Skattedirektoratet sitt Register for formuegrunnlag for likning av eigedomsmasse i Hareid»

Desse inntektene skal venteleg vere med å sikre gjennomføring av forpliktande plan for avsetning til dekning av akkumulert meirforbruk i 2014 – 2016, og starte ei oppbygging av «driftsbuffer» gjennom ein «forsiktig» start på avsetning til disposisjonsfond i 2014 – 2016 og 4,2 mill. i 2017 når meirforbruket på 16,2 mill. er inndekt.

Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett vil venteleg – etter ovanståande føresetnader – gi meir realistiske driftsrammer for tenesteområda, enn det så har vert dei siste åra. Det er såleis grunn til å forvente at « god styring» etter tildelte netto driftsrammer skal sikre eit tilstrekkeleg netto driftsresultat som skal kunne «bære kommunen ut av ROBEK» i samsvar med ny forpliktande plan.

## 4 DRIFT

### 4.1 Budsjettprosessen og rådmannen sitt forslag til driftsbudsjettet 2014 og økonomiplan 2015- 2016

I det følgende vil vi gi eit kort resymé for budsjettprosessen fram mot saldering av budsjett og økonomiplan. Vidare vil kapittelet gi ei oversikt over kva tiltak som er prioritert inn i økonomiplanen og kva tiltak som ikkje er prioritert inn. Nederst i kapittelet er rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2014 og økonomiplan for 2015 – 2017. I flg. gjeldande økonomireglement skal budsjettet vedtakast på netto områdenivå, Etter seinare vedteken organisasjonsplan med vekt på resultateiningar skal budsjettet vedtakast på resultateiningsnivå / avdelingsnivå.

#### 4.1.1 Budsjettarbeidet for 2014 byggjer på gjeldande detaljbudsjett for 2013

Som grunnlag for budsjettarbeidet og nye økonomiske rammer for sektorane i 2014, har ein lagd til grunn justert gjeldande driftsbudsjett for 2013.

#### 4.1.2 Framskriving av forventa løns- og prisvekst for 2014

For at dei overførte ressursane på 2013-nivå skal få oppretthalde sin økonomiske kjøpekraft over til 2014, er ressursane framskrivne med forventa løns- og prisvekst frå 2013 til 2014 med følgjande justeringssatsar med grunnlag i Statsbudsjettet for 2014:

- Lønsområdet 3,5 % (løn- og sosiale utgifter)
- Innkjøpsområdet 2,0 % (forventa prisutvikling)
- Inntektsområdet 3,0 % (satsar for brukarbetaling, tilsvarende kommunal deflator)

Deflator for kommuneområdet gir uttrykk for ein vekta gjennomsnittleg verdi for løns- og prisveksten, der løn er vekta ca. 65% og andre driftsutgifter ca. 35%. Dette er nytta for generell oppskriving av bl.a. satsar og regulativ for betaling av kommunale tenester.

#### 4.1.3 Registrering av behov med grunnlag i vedtak og planar

Resultateiningane melder inn til budsjettprosessen for 2014:

- Avgang, tiltak som ikkje skal drivast vidare i 2014
- Vidare drift, tiltak som er starta opp i 2013 og skal drivast vidare i 2014
- Nye tiltak som det er gjort vedtak om skal setjast i verk i 2014 eller seinare i planperioden.

Det er registrert eit nettovolum for endringar / nye tiltak på til saman 18,85 mill., som i hovudtrekk kjem av:

- framskriving av forventa løns- og prisvekst
- oppfølging av enkeltvedtak
- oppfølging av planmål
- forskriftskrav
- andre behov registrert i sektorane

#### 4.1.4 Tiltak som er meld inn i budsjettprosessen

FORSLAG TIL DRIFTSTILTAK FRÅ TENESTEEININGANE			ØKONOMIPLAN			
Ansvar	Tiltak	Tiltak	BUDSJETT 2 014	2 015	2 016	2 017
Sekretariat for kontrollutval	01014013	Tilskot til kontrollutvalsekretariatet	20 000	20 000	20 000	20 000
Sekretariat for kontrollutval	01014014	Lesebrett til kontrollutvalet	30 000	0	0	0
Sekretariat for kontrollutval	01014072	Kontrollutval, til fri disp.	30 000	30 000	30 000	30 000
Sekretariat for kontrollutval	01014073	Vest kontrollutvalsekr.	49 245	49 245	49 245	49 245



Handlingsprogram 2014 - 2017

Overformynderi	01014009	Overføring av overformynderiet til Fylkesmannen	10 000	0	0	0
Økonomiavdeling	01014045	Bankavtale	45 000	0	0	0
Plan- og utviklingsavdeling	01014028	Avgiftsfrie gebyrinntekter	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014029	Drift av beredskapstiltak (ny budsjettpost)	40 000	40 000	40 000	40 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014030	Serviceavtaler og reparasjoner	10 000	10 000	10 000	10 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014031	Kjøp av EDB-utstyr	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014032	Kontorutstyr	10 000	10 000	10 000	10 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014033	Fordelte utgifter/internt salg	20 000	20 000	20 000	20 000
Plan- og utviklingsavdeling	01014034	Kursutgifter	15 000	15 000	15 000	15 000
IT-avdeling	01014066	IT/læremiddel i skulane	200 000	200 000	200 000	200 000
IT-avdeling	01014067	SSIKT - Hareid sin del av driftsutgiftene	910 000	910 000	910 000	910 000
Fellesutgifter	01014012	Kontigent Kystvegen	15 300	15 300	15 300	15 300
Fellesutgifter	01014074	Underbudsjettet IKS	10 000	10 000	10 000	10 000
Bigset skule	02014007	skyssutgifter svymjeopplæring	12 000	12 000	12 000	12 000
Bigset skule	02014008	kurs spesialundervisning	10 000	10 000	10 000	10 000
Bigset skule	02014009	leksehjelp 2 t/v	12 600	12 600	12 600	12 600
Avdeling for plan, utvikling, byggesak og geodata skal vere ein bidragsytar i arbeidet med å utvikle kommunen som samfunn på ulike nivå. Avdelinga skal syte for ei effektiv og god sakshandsaming av søknader etter plan- og bygningslova innanfor dei tidsrammer som er sett, gjennomføre tilsyn og oppmålingsforretningar innanfor gitte krav og vere eit serviceorgan overfor innbyggjarar og politisk/administrativt nivå i Hareid kommune.

---

### 6.2.15 **Resultatmål**

---

Reguleringsplan Holstad, planavklaring/slutthandsaming i løpet av 2014

Reguleringsplan Ovrásanden friluftsområde - planavklaring med fylket, nytt off. ettersyn 2014, slutthandsaming ultimo 2014/primo 2015

Regulering bustadfelt Bigset vest (B6), oppstart i 2015

Regulering bustadfelt Hjørungavåg ved skulen i 2016

Regulering hytteområde Åsen/Engeskaret oppstart i 2015

Gjennomføre grunnkjøp for 1. byggesteg i Hareidsmyrane i løpet av 2014

Handlingsprogram 2014 - 2017

Fullføre grunnkjøp for bustadområdet Pålhaugen 2 i 2014

Gjennomføre grunnkjøp for tilkomstveg og tomter vest for kyrkjegarden (Eliasgarden) i 2014

Gjennomføre grunnkjøp til utviding av kyrkjegarden i 2014

Etablere rutine for gjennomføring av tilsyn med føretak i byggesaker i 2014

Vidareføring av beredskapsarbeidet/beredskapsplan, herunder varslingssteneste og etablering av beredskapsrutiner i 2014

---

## 6.2.16 Ressursinnsats 2014 – 2017

---

### 6.2.16.1 Rammer for driftsbudsjett

(tal i heile 1000 kr)

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto utgifter	2 975	2 975	2 980	2 980

### 6.2.16.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## Løn og personalavdelinga

---

### 6.2.17 Skildring av stabsavdelinga

---

Løn og personalavdelinga har i dag tre tilsette. Vi har ein rådgjevande og utøvande funksjon overfor leiarar med personalansvar og tilsette. I følgje KOSTRA har Hareid kommune 451 sysselsette. I oktober 2013 vart det utbetalt 570 løner/godtgjersler.

Arbeidet er i stor grad heimla i lover, forskrifter, avtaleverk og lokale vedtak. Vi yter mellom anna tenester innanfor følgjande områder; tilsetting, frávær, oppseiing, løn, refusjon, pensjon, personforsikring, lønsforhandlingar, HMS, AKAN, bedriftshelseteneste og inkluderande arbeidsliv (IA). Avdelinga yter også tenester til Hareid sokn.

Avdelinga er også representert i arbeid med arbeidsmiljøutval, hovudtillitsvalde, vernetenesta og ulike interne og eksterne samarbeidsfora.

---

## 6.2.18 Mål

---

### 6.2.18.1 Hovudmål

Løn og personalavdelinga skal:

- Utvikle og forbetre kommunen sin funksjon som arbeidsgjevar.
- Levere tenester i rett omfang og kvalitet, til rett tid og rett kostnad.
- Auke leiarkompetansen innan personalområdet.

### 6.2.18.2 Resultatmål

- *Kompetanse og motivasjon med nærvær.*  
I løpet av 2014 skal det gjennomførast minst eitt hevande prosjekt/prosess for leiarar med personalansvar innanfor kompetanse, motivasjon og nærvær.
- *Medarbeidartilfredsheit.*  
I løpet av 2014 skal det gjennomførast medarbeidarundersøking for alle tilsette i kommunen.
- *Tydeleg leiarskap.*  
I løpet av 2014 skal det utarbeidast og implementerast nye leiaravtalar på alle nivå i kommunen.

**6.2.19 Ressursinnsats 2014 – 2017****6.2.19.1 Rammer for driftsbudsjett**

(tal i heile 1000 kr)

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto utgifter	2 226	2 226	2 226	2 226

**6.2.19.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering**

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

**Servicetorg og politisk sekretariat****6.2.20 Skildring av stabsavdelinga**

Servicetorg og politisk sekretariat har ein nøkkelfunksjon i forhold til skjeringa mellom publikum og organisasjonen. Mykje av kontakta frå innbyggjarane går via servicetorg og politisk sekretariat. Vi yter tenester innanfor følgjande felt arkiv, utval, TV-aksjon, transportstøtte, tildeling av følgjekort, utleige Hareidhallen/symjehallen, søknad frå lag og organisasjonar, Infoland, valarbeid, næringsfondet, bustønad, startlån, bustadtilskot, tilsett portal, innbyggjarportal, beredskapssystem, ambulerande skjenkeløyve, oppgåve for omsett alkohol og sikkerheitsansvar personvern. Utfordringane framover vert å klare å utføre tenestene våre på ein meir effektiv måte samtidig med eller som ein følgje av reduksjon i årsverk ved avdelinga.

Vi må heile tida jobbe for at kundane får opplysningane dei treng bl.a. via nettsida vår, at arkivet er lett tilgjengeleg og at vi jobbar innanfor dei rammene lova gir.

**6.2.21 Mål****6.2.21.1 Hovudmål**

Servicetorg og politisk sekretariat skal vere med på å styrke Hareid kommune sitt omdøme, syte for relevant og korrekt informasjon, arbeide for eit godt arbeidsmiljø og syte for at det er god sikkerheit rundt personvern. Avdelinga skal syte for at det vert lagt til rette for politiske møte og at relevant saksmateriell vert formidla på ein korrekt måte. Avdelinga skal syte for at all relevant informasjon vert arkivert i tråd med lov og forskrift.

**6.2.21.2 Resultatmål**

- Innføring av ny tilsettportal, oppstart 13.1.2014. Målet er at den er på plass innan juni 2014.
- Innbyggjarportal, at alle sektorane har fått informasjon om sine einingar og tenester innan juni 2014.
- Utsending av møtedokument elektronisk. Møte med ordførar (ev. fl. politikarar) vår og haust 2014, ta tak i utfordringane rundt denne utsendinga.
- Beredskapssystem. Få lagt inn rette opplysningar i systemet og endra plattformen vår til ei meir brukarvenleg plattform innan sommaren 2014.
- Sikkerheitsansvarleg personvern. I løpet av fyrste delen av 2014 skal einingsleiarane sektor for Velferd har fått opplæring til sjølve å gjennomføre KOMPIS-opplæringa til sine tilsette. Kurs for nyttilsette og andre som ikkje har vore med på kurs, eitt times kurs vår og haust 2014. Generell ROS-analyse vere klar fyrste halvdel av 2014 og i løpet av 2014 lage ferdig rutinar/prosedyrar for personvern.
- Gjer fleire arkivdelar fullelektronisk, 1.1.2015 planarkivet og året etter personalarkivet. I 2014 vil vi jobbe med rutinar for dei full elektroniske arkivdelane og få avslutta sakene som er knytt mot dei arkivdelane.

**6.2.22 Ressursinnsats 2014 – 2017****6.2.22.1 Rammer for driftsbudsjett**

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto utgifter	4 423	4 423	4 423	4 423

### 6.2.22.2 *Kommentar til tiltak/avgang drift og investering*

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## Økonomi

### 6.2.23 *Skildring av stabsavdelinga*

Økonomi og Finans er samansett av følgjande ansvarsområde og budsjetttramme:

- |                     |                 |   |
|---------------------|-----------------|---|
| • Økonomiavdeling   | kr. 3 139 040   | (netto utgift for drift av økonomiavd.) |
| • Tilleggsløyvingar | kr. 100 000     | ( Til disp. for formannskapet )         |
| • Landbrukskontor   | kr. 750 137     | ( Tilskot til interkomm. samarbeid.)    |
| • Finans            | kr.-232 251 503 | (netto til disp. for tenesteprod. )     |

Avdelinga forvaltar gjennom skatt- og finansområdet store fellesressursar gjennom

- skattar og avgifter på ca. kr. 450 mill.
  - gjeldsforvaltning på ca. kr. 340 mill.
  - frie driftsinntekter på ca. kr. 250 mill.
- som skal stå til disposisjon for finansiering av tenesteproduksjonen i fagsektorane og utvikling av kommunale tenester.

### 6.2.24 *Mål*

#### 6.2.24.1 *Hovudmål*

Økonomiavdelinga skal vere ein ressurs i den strategiske planlegginga i kommunen og vere støttefunksjon i budsjettprosessar og økonomiske utfordringar i kommuneorganisasjonen. Økonomiavdelinga skal dessutan, innanfor dei krav, reglement og lovverk som kommunen er underlagt, produsere skatterekneskap og kommunerekneskap på ein effektiv måte, syte for innkreving av skatt og kommunale krav, drive finans- og gjeldsforvaltning, samt stå for driftsbudsjettering og rapportering til lokale- og sentrale myndigheiter. Elektronisk verkty for nemnte fagfunksjonar skal vidareutviklast og driftast, herunder legge til rette for både inngåande og utgåande e-faktura til kundar og leverandørar

#### 6.2.24.2 *Resultatmål*

- Avvik mellom avdelinga sitt driftsbudsjett og rekneskap skal reduserast i 2014. Målsetting på lengre sikt er 0% avvik.
- Alle leiarar med budsjettansvar skal ha naudsynt opplæring i bruk av Agresso budsjettmodul, før budsjettarbeidet startar.
- Alle leiarar med budsjettansvar skal ha opplæring i Agresso-rapporteringsmodul innan 1. halvår 2014.
- Refinansiere kommunen sitt samla låneopptak med lågare vekta rente enn noverande status.
- Medvirke til å vidareutvikle Hareid kommunen som «e-kommune», ved bl.a. å tilby fullelektronisk handsaming av inngåande faktura frå leverandørar og utgåande faktura til kundar i løpet av 2014.
- Bidra til å få i gang direkte fakturering for betalingstenester frå Velferd i løpet av 2014

**6.2.25 Ressursinnsats 2014 – 2017****6.2.25.1 Rammer for driftsbudsjett**

(tal i heile 1000 kr)

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto inntekt	-2674	-2719	-2719	-2719

**6.2.25.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering**

I 2014 vil økonomiavdelinga med ei ekstraløyving på kr. 45 000 i 2014 gjennomføre eit forskriftspålagt anbodskjøp for kommunen sin driftsbankenester.

**Resultateininga NAV sosial****6.2.26 Skildring av stabsavdelinga**

Dette rammeområdet omfattar dei lovpålagde kommunale oppgåvene i NAV i tillegg til barneverntenesta.

NAV Hareid skal ha eit samla tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen og tilby tenester som tidlegare vart gitt av NAV arbeid, NAV trygd, samt ei rekkje lovpålagde tenester frå den kommunale sosial- og barneverntenesta. Ved å samordne desse tenestene er målet å gje innbyggjarane eit betre tilbod enn det vi greier kvar for oss. Eit av hovudmåla med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad.

Det lovpålagde tilbodet frå sosialtenesta er: råd og rettleiing til sosialt vanskelegstilte, kvalifiseringsprogram for å få langtidsmottakarar av sosialhjelp i arbeid, økonomisk stønad til vanskelegstilte i ein overgangsperiode, gjeldsrådgjeving og hjelp til å skaffe midlertidig husvære.

Barneverntenesta si oppgåde er å sikre at alle barn og unge skal ha omsorg, tryggleik og høve til god utvikling. Barnevernet skal verne barn og unge mot omsorgssvikt og motverke at dei lid fysisk og psykisk overlast. Vert barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til, straks å undersøke korleis barnet har det og om det må setjast i verk tiltak. Etter lova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå meldinga snarast og eventuelt gjennomføre ei nærare undersøking innan 3 månader.

I Hareid har vi, over fleire år, tatt mot flyktingar som skal busetjast. I tillegg ser vi at Hareid er ei attraktiv kommune for ein del utanlandske arbeidssøkjjarar som har valt å busetje seg i vår kommune. Dette har både positive og negative konsekvensar. Det er ei utfordring å skulle kvalifisere denne gruppa, både språkleg og fagleg, til å kome i ordinært arbeid og kunne forsyte seg og familien sin.

Barnevernet si største utfordring er å halde dei lovpålagde fristane og ha høveleg tilgang til gode hjelpe- og omsorgstiltak der dette trengst.

**6.2.27 Mål****6.2.27.1 Hovudmål**

NAV Hareid bygger på dei overordna mål i arbeids- og velferdsforvaltninga om at fleire menneske skal få mulegheit til å kome i arbeid og aktivitet og at færre skal vere på passive stønader. NAV Hareid skal:

- vere eit fullverdig NAV-kontor for innbyggjarane i Hareid
- ha fokus på menneske, mål og resultat
- sikre gode samarbeidsformer og brukarmedverknad

**6.2.27.2 Resultatmål**

Mål 1. Barneverntenesta skal redusere talet på fristoverskridingar etter 3 og 6 månader i høve tala for 2013. Resultatet skal vere betre enn i 2013.

Handlingsprogram 2014 - 2017

Mål 2. Ungdom under 24 år skal ha eit individuelt tilpassa tilbod og berre unntaksvis og i korte periodar få utbetalt økonomisk sosialhjelp. Målet er at vi ikkje skal ha ungdomar i denne kategorien, men målsettinga er å vere endå betre enn i 2013.

Mål 3. Talet på sosialhjelpsmottakarar med økonomisk sosialhjelp som einaste inntekt skal reduserast i høve tala for 2013. Tala skal vere endå betre enn i 2013.

Mål 4. Personar med alvorlege gjeldsproblem skal få tilbod om hjelp frå gjeldsrådgjevar til å løyse desse innan rimeleg tid.

Mål 5. Sjukefråveret skal haldast på eit lågt nivå og sjukefråveret skal vere lågare enn i 2013

---

## 6.2.28 Ressursinnsats 2014 – 2017

---

### 6.2.28.1 Rammer for driftsbudsjett

(tal i heile 1000 kr)

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto utgifter	16 139	16 139	16 139	16 139

### 6.2.28.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## **6.3 Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling**

### **6.3.1 Skildring av sektor**

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling omfattar desse resultateiningane:

- Ressursenteret
- Biblioteket
- Hareid Musikk- og Kulturskule
- Trussamfunn
- Kulturavdelinga

Einingane vert leia av einingsleiar med fag-, økonomi- og personalansvar som rapporterer til kommunalsjef. Sektoren har 21,6 årsverk fordelt på 39 tilsette.

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling har ansvar for kommunale tenester som musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, trussamfunn, kommunal kulturpolitikk, kontakt med frivillig sektor, prosjekt innan næring og utvikling av Hareids-samfunnet.

### **6.3.2 Mål**

#### **6.3.2.1 Hovudmål**

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren. Ein skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune.

#### **6.3.2.2 Resultatmål 2014**

Hareid sokn

- Utvide driftsområdet på Hareid kyrkjegard
- Ta i bruk den nye delen av kyrkjegarden
- Asfaltere parkeringsplassen for kyrkja/kyrkjegarden og monterer lys der
- Kjøpe inn 100 eks av den nye Norsk Salmebok 2013

Ressursenteret

- Introduksjonsprogrammet har som mål at alle deltakarar skal fullføre programmet
- Nå dei nasjonale måla om overgang til arbeid eller utdanning for busette flyktningar.
- Nå nasjonalt fastsette mål for norskopplæring.

Musikk- og kulturskulen

- Oppfølging og kvalitetssikring av kulturskuletimen ved barneskulane.
- Redusere ventelistene ved vidare utvikling av effektiv drift

Biblioteket

- Utvide sommaropningstidene med fire timar pr. veke
- Auke utlånet av barne- og ungdomsbøker med 5%
- Gratis bok og bibliotekinformasjon til alle nyfødde i kommunen

Kultur

- Oppstart planarbeid kulturminneplan
- Arbeide vidare med digitalisering av kulturminne
- Vidareutvikle dei faste kulturelle institusjonane i Hareid kommune

Felles

- God ressursstyring i einingane, målet er å halde seg innanfor +- 1% av budsjettet

### **6.3.3 Ressursinnsats 2014 – 2017**

#### **6.3.3.1 Rammer for driftsbudsjett**

(tal i heile 1000 kr)



<b>Budsjettår</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>HAREID MUSIKK- OG KULTURSKULE</b>				
Netto utgifter	1 906	1 906	1 906	1 906
<b>RESSURSENTER</b>				
Netto utgifter	3 839	3 839	3 839	3 839
<b>KULTURKONTOR</b>				
Netto utgifter	929	929	929	929
<b>BIBLIOTEK</b>				
Netto utgifter	1 216	1 216	1 346	1 346
<b>KULTURTILTAK</b>				
Netto utgifter	1 567	1 567	1 567	1 567
<b>NÆRINGSTILTAK</b>				
Netto utgifter	149	149	149	149
<b>TRUSAMFUNN</b>				
Netto utgifter	3 137	3 137	3 137	3 137
<b>SEKTOR NÆRING KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING</b>				
Netto utgifter	12 744	12 744	12 874	12 874

### **6.3.3.2** *Kommentar til tiltak/avgang drift og investering*

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## 6.4 Sektor for kommunalteknisk drift

### Resultateining kommunalteknikk og VAR

#### 6.4.1 Skildring av eininga

Sektor for kommunalteknikk og VAR har følgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloakknett
- Slamtøming
- Renovasjon

Dei 9 ansvarsområda vert leia av ein einingsleiar som har økonomi og personalansvar i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Totalt 10 tilsette. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef.

#### 6.4.2 Mål

##### 6.4.2.1 Hovudmål

- Yte gode tenester med dei ressursane vi rår over.
- Bygge ut ein god infrastruktur.
- Sikre god trygg vassforsyning.
- Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjend hovudplan for avløp.
- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer.
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta.

##### 6.4.2.2 Resultatmål

- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap.
- Revidere trafikktryggingssplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Kvalitetssikring av vassforsyning
- Revidere avløpsplan i perioden 2014-2017
- Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav
- Gjennomføre krav til Internkontrollsystem for vatn og avløp (IKS), HMS
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grøntvedlikehald

#### 6.4.3 Ressursinnsats 2014 – 2017

##### 6.4.3.1 Rammer for driftsbudsjett

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
6500 KOMMUNAL TEKNIKK				
Netto utgifter	4 873	4 873	5 003	5 003
6550 SJØLVKOSTOMRÅDE				
Netto utgifter	-3 858	-3 858	-3 858	-3 858

##### 6.4.3.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

### Resultateining kommunal eigedom - FDV

---

#### 6.4.4 *Skildring av eininga*

---

Resultateining kommunal eigedom – FDV har følgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribygg
- Skuler
- Utleigebustader
  
- Ansvarlig for gjennomføring av pålagde brannverntiltak
- Ansvarlig for vedlikehold på bygningsmassen
- Ansvarlig på «E-fokus» og energioppfølging
- Ansvarlig for kontrakter/ økonomi ved utleige av leilegheiter
- Ansvarlig for reinhold av formålsbygg
- Delta i utarbeiding av beredskapsplaner for bestemte områder
- Kontaktansvarlig mot KLP vedr. forsikrings spørsmål (for vårt område)
- Prosjektleiar og byggeleiar på byggeprosjekt
- Utvikling og utarbeiding av nye prosjekt

Ansvarsområda blir leia av einingsleiar, samt leiande reinhaldar og leiande vaktmeister.

Einingsleiar har ansvar for økonomi og personalansvar.

Sektoren har 16,5 årsverk, fordelt på 22 personer. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef.

Yte best mulig vedlikehold på bygningsmassen med dei ressursane vi har.

Samarbeide best mulig med brukarane, der ein også har forståing for at behova er noko større enn disponible ressursar.

---

#### 6.4.5 *Mål*

---

##### 6.4.5.1 *Hovudmål*

Eininga skal forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor dei økonomiske rammene. Eininga skal ha fokus på at dei kommunale bygningane er trygge og er forsvarlege arbeidsplassar innanfor gjeldande lov- og regelverk og syte for best mulig vedlikehald, slik at kommunen si verksemd ikkje vert unødig hindra.

Ha ein bygningsmasse som ikkje har høg alder, og som ikkje treng kostbart vedlikehold. Utarbeide ein 5-årsplan for bygningsmassen for vedlikehold, slik at ein kan arbeide meir forutsigbart og planmessig i framtida.

##### 6.4.5.2 *Resultatmål*

- Ha best mulig rutiner for ettersyn/ vedlikehold.
- Ha eit løpande vedlikehald, reinhaldsrutinar og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekta.
- Utarbeide ein 5-årsplan for bygningsmassen for vedlikehold.
- Bygge på prestebustad.
- Fokus på tiltak som kan gi lavare energikostnader.
- Arbeide for å få høgare gjennomstrøms hastigheit på utleigeleilegheitene. Maksimal butid i kommunale utleigeleilegheiter skal vere 4 år.

---

## 6.4.6 Ressursinnsats 2014 – 2017

---

### 6.4.6.1 Rammer for driftsbudsjett

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
Netto utgifter	7 125	7 125	7 125	7 125

### 6.4.6.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## 6.5 Sektor for oppvekst

### 6.5.1 Skildring av sektor

Sektor for oppvekst femnar om dei kommunale grunnskulane og barnehagane:

- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Oppvekstkontor – administrativ teneste

Sektoren vert leia av kommunalsjef og einingsleiarar med fag-, økonomi, og personalansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef.

Sektoren har totalt 129,7 årsverk fordelt på 156 personar.

#### *Om sektoren*

Sektor for oppvekst har ansvar for kommunale oppgåver innan barnehage og grunnskule.

Inneverande barnehageår har 294 barn eit tilbod i kommunal eller privat barnehage i Hareid. Etter utviding ved Grønmyr Barnehage Holstad pr 01.12.13, vil det totalt vere 335 barn i barnehagane i Hareid.

Ved den offentlege grunnskulen i Hareid er det i inneverande skuleår 579 elevar.

Ved grunnskulane har det fram til no vore tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Alle tilsette i undervisningsstillingar har godkjent utdanning.

På barnehageområdet ser vi ein aukande tendens til mangelfull tilgang på førskulelærarar. Dette fører til at det i periodar vert nødvendig å gi dispensasjon frå utdanningskravet i mindre stillingsprosentar.

### 6.5.2 Mål

#### 6.5.2.1 Hovudmål

Sektor for oppvekst skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren, viser særleg til Opplæringslova §1-1 og Barnehagelova §1. Sektoren skal leggje til rette for trygge og stimulerande oppvekstmiljø for alle brukargrupper som mottek tenester frå sektoren. Sektoren skal skape arenaer og miljø for utvikling, meistring og læring.

#### 6.5.2.2 Utviklingsmål

- Sikre gode læringsmiljø/psyko-sosiale miljø som fremjar god utvikling og læring.
- Gi eit undervisningstilbod til elevane i grunnskulen som er tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnadar.
- Oppfylle plikt til å skaffe barnehageplass til alle som har slik lovfesta rett.
- Ivareta plikter og rettar overfor brukarar samtidig med at dei økonomiske rammene set krav til omfang og organisering av tenestene.
- Vere attraktiv som arbeidsgjevar både med omsyn til eigne arbeidstakarar og i høve rekruttering.

<b>Styringskort grunnskule</b>		
	Status	Mål
Resultatmål	2013	2014
<b>Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:</b>		
Opplevd mobbing 7.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, lav verdi = lite mobbing)	1,6	1,4
Opplevd mobbing 10.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, lav verdi = lite mobbing)	1,2	1,4
Elevane si oppleving av faglege utfordringar 10.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, høg verdi = positivt resultat)	3,9	4,1
<b>Leseferdigheit 5.trinn, på landsgjennomsnitt: (prosent av elevmasse)</b>		
Meistringsnivå 1 (lavast)	31,6%	27,5%
Meistringsnivå 2	52,6%	47,4%
Meistringsnivå 3 (høgst)	15,8%	25,1%
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, som K-gruppe 1	10,7%	10,5%
Antal timar til spes.underv. av antal lærartimar totalt, som K-gruppe 1	26,2%	17,9%
<b>Fornøgde medarbeidarar:</b>		
Gjennomført medarbeidarsamtalar		100%
Nærversprosent medarbeidarar	91,5%	93%
Stoltheit over arbeidsplassen (skala 1-6)		4
<b>God ressursstyring:</b>		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf. - / mindref. +)	-4%	0%

Måltal som er nytta i styringskortet er henta frå elevundersøkinga, nasjonale prøver, KOSTRA, medarbeidarundersøking «bedrekommune» og budsjett/rekneskap. Viser også til Tilstandsrapport for grunnskulen i Hareid 2012.

### 6.5.3 Ressursinnsats 2014 – 2017

#### 6.5.3.1 Rammer for driftsbudsjett

Budsjettår	2014	2015	2016	2017
<b>OPPVEKSTKONTOR</b>	24 817 190	24 817 190	24 817 190	24 817 190
<b>BIGSET SKULE</b>	9 496 890	9 496 890	9 496 890	9 496 890
<b>HAREID SKULE</b>	19 115 672	19 415 672	19 415 672	19 415 672
<b>HJØRUNGAVÅG SKULE</b>	7 644 715	7 644 715	7 644 715	7 644 715
<b>HAREID UNGDOMSKULE</b>	21 267 936	21 267 936	21 267 936	21 267 936
<b>BIGSET BARNEHAGE</b>	6 020 340	6 020 340	6 020 340	6 020 340
<b>HAREID BARNEHAGE</b>	3 907 814	3 907 814	3 907 814	3 907 814
<b>SYVERPLASSEN BARNEHAGE</b>	7 649 180	7 649 180	7 649 180	7 649 180
<b>SEKTOR FOR OPPVEKST</b>	99 919 737	100 219 737	100 219 737	100 219 737

#### 6.5.3.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering

## 6.6 Sektor for velferd

Kommunalsjef Elly Kirkeslett

### 6.6.1 *Skildring av sektoren*

#### **Generelt**

Sektor for velferd yter helse- og omsorgstenester. Folkehelsearbeidet er organisatorisk lagt til sektoren under Helse og koordinerende eining. Resultateiningane er ulike i antal tilsette då det er viktig med ei tenleg og naturleg inndeling. Resultateiningane:

- Helse og koordinerende eining.
- Bu- og habiliteringsteneste
- Somatisk eining – Korttidsavdeling, Buavdeling og Kjøkken
- Skjerma eining
- Heimetenester med Heimeskjukepleie og Omsorgsbustadar og praktisk bistand
- Velferds kontor – sektorovergripande, administrativ teneste inkludert kommuneoverlege

Dei 5 einingane vert leia av ein einingsleiar som har økonomi og personalansvar i tillegg til fagleg ansvar for si eininga. Dei rapporterer til kommunalsjef.

Det er 100 årsverk fordelt på ca. 150 personar .

#### *Om sektoren*

Sektor for velferd har vore gjennom to omstillingar dei siste to åra. Det har vore ein krevjande prosess på alle nivå med nedskjeringar, stram styring og fokus på å sette ny organisering. Dette samtidig som Samhandlingsreforma vart sett i verk 01.01.2012.

Utfordringa er å styre innafør dei stramme økonomiske rammene i ei tid der samfunnsutviklinga ber preg av mange born, unge og unge vaksne som har krav på tenester.

Folkehelse og førebyggjande arbeid vert endå viktigare for å unngå alt for store negative konsekvensar av usunt levestil og for å minke seinverknad av manglande tiltak på eit tidleg nok tidspunkt. Hareid kommune har Folkehelsekoordinator kombinert med stilling som einingsleiar.

Dette viser seg å vere ein svært krevjande kombinasjon. For å få god nok effekt av Folkehelsekoordinator bør denne stillinga skiljast frå einingsleiar.

Sektoren har fokus på kvardagsrehabilitering for at flest mogleg eldre kan bu lengst mogleg i eigen heim . Rehabilitering i sjukeheim og i heimen etter sjukdom og skade må ha høg prioritet. Det må vere eit mål å auke kompetansen innafør desse fagfelte både i form av vidareutdanning, men særleg nye stillingar for fysio- og ergoterapi. Forståing og positive haldningar blant tilsette til rehabilitering kan verte betre.

Legetenesta har fått eit auka medansvar ved innføring av samhandlingsreforma. Dei er krumtappen for unødig bruk av spesialisthelsetenesta, der kommunen har medfinansiering. Øyeblikkeleg hjelp-tilbodet i sjukeheimen er ein del av dette.

Negativ livsstil i befolkninga med påfølgjande sosiale utfordringar og aukande antal psykisk sjuke som treng hjelp for meiste kvardagen er aukande. Tilgang på bustadar til denne gruppa er svært mangelfull. Utfordringane krev auka grad av kompetanse for å hjelpe desse personane på ein rett måte .

Kompetanseutvikling og rett rekruttering må få større prioritet i sektoren generelt. Dokumentasjon i pasientjournal heng saman med fosvarlege tenester og rettsryggleik. Lav grunnbemanning fører mangelfull dokumentasjon.

God leiing og leiarar med visjonar, gjennomføringsevne og evne til å sikre at tilsette har rett kompetanse er viktig for å styre tenestene i rett lei.

## 6.6.2 Mål

### 6.6.2.1 Hovudmål

- Helse- og omsorgstenestene i Hareid kommune skal møte innbyggjarane med respekt og likeverd.
- Tenestene skal vere tilgjengelege og samordna av godt kvalifisert personell og gode leiarar.
- Kommunen skal ha fokus på forsvarlege tenester innafor tildelte økonomiske rammer.

### 6.6.2.2 Utviklingsmål

- Folkehelsearbeidet og førebyggjande tiltak må synleggjerast på tvers av sektorane og i samfunnet generelt ved hjelp av brukarmedverknad og frivillige organisasjonar.
- Styrke tenestene for å førebygge psykiske vanskar blant born og unge.
- Arbeide for at unge vaksne med nedsett bu- og arbeidsevne kan ha eigen bustad og meistre kvardagen med rett hjelp til rett tid.
- Styrke avlastningstilbodet til familiar som har store omsorgsoppgåver enten det gjeld for born, unge eller eldre.
- Rehabilitering og kvardagsrehabilitering skal bidra til at eldre kan bu lengst mogleg i eigen heim.
- Heimetenestene må utviklast til å meistre eit utvida spekter av behandling i heim
- Arbeide for utvikling av dag tilbod for eldre og demente heimebuande
- Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus skal primært skrivast ut til eigen heim og få naudsynte helse- og omsorgstenester der
- Godt samarbeid med fastlegane om bruk av øyeblikkeleg hjelp i sjukeheim der dette kan erstatte innlegging i sjukehus.
- Så langt råd gi einerom til dei som har vedtak om langtids plass.
- Styrke antal tilsette med høgskuleutdanning for å møte krav til ulik kompetanse.
- Å tilpasse tenestene til budsjetttrammer som er vedteke av kommunestyret.

### 6.6.2.3 Tenester og Resultatmål

Styringskort sektor for velferd	Resultat	Mål
Resultatmål	2013	2014
<b>Fornøgde medarbeidarar:</b>		
Medarbeidarsamtalar- gjennomført*		100%
Nærver *	89%	92%
Stoltheit over arbeidsplassen	1 -6**	4,0
<b>God ressursstyring:</b>		
Samsvar mellom budsjett og rekneskap (meirf. - / mindref. +)	-6,5%	0

\* eigen statistikk \*\*Bedrekommune/ks

### Velferds kontor

Velferds kontor er fagleg og administrativt sektorovergripande.

Rådgjevar Oddrun Alme Mork har særleg oppgåver når det gjeld teknisk kompetanse og oversikt i budsjettprosessen og fortløpande i rekneskap. Ho har delegert ansvar for vederlagsberekning, fakturaflyt og ein del rapporteringar. Hadartun utgjør 5000m<sup>2</sup> og Mork er kontaktperson for det bygningsmessige i tillegg til det vaktmestertjenesta tek seg av. Konsulent Gunn Marthe Pieroth bistår i dette arbeidet i tillegg til at ho koordinerer innkjøp. Dei har ansvar for resepsjonen, arkiv og post. Pga. nedskjeringar siste åra har resepsjonen stengt ein dag i veka og har redusert opningstid dei andre dagane.

Kommuneoverlege Ottar Grimstad er organisatorisk plassert under velferds kontor. Stillinga (50%) er sjølvstendig med delgasjonar direkte frå rådmann. Oppgåvene til kommuneoverlegen er sektorovergripande, men det er likevel naturleg at det er helse og omsorgstenestene som nyttar hans ekspertise mest.



Ottar Grimstad er og sjukeheimslege. Kombinasjonen av desse stillingane og at han har kontor ved Hadartun, gjer at kvaliteten på helse- og omsorgstenestene har blitt betra.

## Helse og koordinerande eining

Einingsleiar Monica Svoren

Helse og koordinerande eining består av helsestasjon og skulehelseteneste, legeteneste, privat og kommunal fysioterapi, ergoterapi, psykiatriteneste med dagsenter, støttekontaktordning, dagsenter for eldre og folkehelsearbeid. Koordinerande eining er i tillegg ei lovpålagt teneste med eiga forskrift.

Eininga skal yte tenester til personar i alle aldrar, ulike nivå av førebygging, bidra i omsorg og behandlingssopplegg. Den totale breidda i kompetansen blant dei tilsette er større enn i dei andre einingane i velferd. Det krevst stor grad av samhandling innad i heile sektoren, men også mot NAV og andrelinetenesta.

Psykiatri og rus er store utfordringar. Etter at sentral opptrappingsplanen for psykiatri opphøyrt, har satsinga stagnert. Velferd disponerer ikkje eigne bustadar til denne gruppa, noko som har blitt ei aukande utfordring.

Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivar i habilitering og rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane.

Folkehelsearbeidet skal forankrast i heile kommuna. Helse- og koordinerande eining er eit godt utgangspunkt då her er mykje kompetanse. Men folkehelsekoordinator bør frigjerast frå kombinasjon med leiarstilling. Kommuneoverlegen bidreg og er rådgjevar i folkehelsarbeidet.

## INSTITUSJON

### Skjerma eining

Einingsleiar Nina Ulstein

Skjerma eining har 17 pasientar fordelt på to grupper. Alle har eige rom.

Målgruppa er demente personar som vert vurdert til å trenge skjerming pga. åtferd og redusert forståing av sosiale normer. Skjerma eining skal ha arbeidsformer som er tilpassa demente, dei skal kunne bevege seg fritt innfor eit areal utan oppleve tvang. Personalet må ha særleg interesse og ønske om å tileigne seg kompetanse innfor demens. Ein stor del av personalgruppa tek del i eit to-årig opplegg for kompetanseheving – Demensens ABC.

Grunnbemanninga er på 0,7 . ( 12,15 stheimel:17 pas). Målet må vere å komme nærare 1.0.

Det er aukande grad av somatiske sjukdomar kombinert med demens. Mangel på sjukepleierstillingar aukar presset på alle faggrupper.

Styringskort Skjerma eining	Resultat	Mål
Resultatmål	2013	2014
<b>Teneste</b>		
Tilbod til pårørande om individuelle samtalar		100/70
1 gang pr år (tilbod /gjennomført)*		
Pårørandedemøter (felles) x 2 pr år.	Antal*	2
Alvorlege avvik medikamenthandtering	(antal)*	0
<b>Brukarundersøking **</b>		
Vert møtt med respekt	skala 1 -6	4,0
Medverknad i tenesteutforming	1-6	4,0
Opplever normal livs- og døgnrytme	1-6	4,0
God og nok ernæring	1-6	4,0
Tilbod om samvær og aktivitet	1-6	4,0

\*eigen statistikk. \*\* Bedrekommune/ks

### Somatisk eining

Einingsleiar Monica Småge Skeide

Somatisk eining består av korttidsavdeling og buavdeling ( to avdelingar i tredje etasje) med til saman 32 pasientar. Begge avdelingane har ein fagkoordinator i 100% stilling med arbeid kvar tredje helg.

Pasientane ved buavdelinga har langtidsvedtak og skal primært ikkje dele rom med andre. Avdelinga har eit dobbeltrom som skal nyttast til ektepar når det er behov for det. Når det ikkje er ektefeller vert romet nytta til ein eller to personar. At personar med langtidsvedtak bur saman med andre, er enten mellombels eller fordi to personar sterkt ønskjer det.

Korttidsavdelinga har pasientar med langtidsvedtak, korttidsvedtak, avlastning og øyeblikkeleg hjelp døgnopphald. Denne avdelinga har difor større grad av gjennomstrøyming og krav til logistikk enn buavdelinga. Pasientar med langtidsvedtak skal også her ha einerom.

Slik utviklinga har blitt med høg terskel for sjukeheims plass, er det ein liten del av sengane som reelt er nytta til rehabilitering / utskrivning til heim. Målet er kontinuerleg å ha 4 senger til det føremålet. Etter at samhandlingsreforma vart innført, er krav til kompetanse blitt auka – både til fagarbeidarar og sjukepleiarar. Sjukepleiarane må meistre eit større spekter av ferdigheiter innafor behandling. Krav til god dokumentasjon er stort. Tempoet i avdelinga er høgt noko som medfører auka fare for feil. Forsvarleg medikamenthandtering og god rutinar har fokus.

Styringskort somatisk eining		Resultat	Mål
Resultatmål		2013	2014
<b>Teneste</b>			
Andel plassar avsett til korttidsopphald	% av antal plassar*	2	8
Antal liggedøgn for utskrivingsklare pasientar*		37	0
Svar på søknad om korttids plassar og avlastning – saksbehandlingstid i dagar**			10
Alvorlege avvik medikamenthandtering	(antal)**		0
<b>Brukarundersøking***</b>			
Vert møtt med respekt	skala 1 -6		4,0
Medverknad i tenesteutforming	1-6		4,0
Opplever normal livs- og døgnrytme	1-6		4,0
God og nok ernæring	1-6		4,0
Tilbod om samvær og aktivitet	1-6		4,0

\*Kommunebarometeret \*\*Eigen statistikk \*\*\*Bedrekommune/ks

## Kjøkken

Kjøkkensjef Ann Cecilie Garnes Utgård

Kjøkkenet vart under siste omorganiseringa lagt til somatisk eining. I 2013 rapporterte kjøkkensjefen direkte til kommunalsjef. Dette av praktiske og arbeidsmessige årsakar. Kjøkkenet leverer middag til heimebuaande og sørgjer for all mat til pasientane ved sjukeheimen. Dette krev godt og nært samarbeid med tilsette ved sjukeheimen og heimetenestene. Det har vore ein god del catering, men nedskjeringar gjer at dette tilbodet står i fare for å verte endå meir redusert. Gamalt utstyr har gradvis blitt skifta ut. Det neste som står for dør og må skiftast i næraste framtid er kombidamparen (kr 120 000).

Det er store krav til hygiene og internkontroll. Mattilsynet har jamlege tilsyn. Nytt matmerkingssystem er eit pålegg og det krevst økonomisk ressursar til opplæring.

## Heimetenestene

Einingsleiar Unni Bergdal

Heimetenestene består av to avdelingar, Heimesjukepleie og Omsorgsbustadar og praktisk bistand. Begge avdelingane har fagkoordinator i turnus.

Personalet må samarbeide tett og ha felles målsettingar. Heimetenestene samarbeider med alle einingane, særleg Helse- og koordinerande eining og sjukeheimen. Ergo- og fysioterapeut er viktige ressurspersonar i habilitering og rehabilitering for heimebuande eldre. Det same gjeld satsinga på kvardagsrehabilitering for å førebygge utstrakt bruk av praktisk bistand. Samarbeidet og fagutvikling gjeld og psykiatri. Samarbeidet med sjukeheimen gjeld det særleg pasientflyten mellom desse einingane og utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa. Ressursteamet vurderer no alle utskrivingsklare pasientar først og fremst for mogleg rehabilitering i heimen der dette er fagleg forsvarleg. Heimetenestene og Bu og hab har eit samarbeidsprosjekt i høve

Styringskort heimetenestene	Resultat	Mål	
Resultatmål	2013	2014	
<b>Teneste</b>			
Snitt tildelte timar i heimen ,praktisk bistand–	karakter 1-6*	3,0	4,0
Snitt tildelte timar heimesjukepleie	1-6*	4,2	4,5
Svar på søknad om praktisk bistand **	-dagar		14
Alvorlege avvik i medikamenthandtering**			0
<b>Brukarundersøking***</b>			
Vert møtt med respekt	skala 1 -6		4,0
Medverknad i tenesteutforming	1-6		4,0
Opplever normal livs- og døgnrytme	1-6		4,0
God og nok ernæring	1-6		4,0
Tilbod om samvær og aktivitet	1-6		4,0

\*Kommunebarometeret \*\* eigen statistikk \*\*\*Betrekkommune/ks

## Bu- og habiliteringseininga

Einingsleiar Inger Anne Moltu

Bu- og habilitering består av to avdelingar – fastbuande psykisk utviklingshemma og avlastning til familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver for born under 18 år. Begge avdelingane har fagkoordinator i 100% stilling og i turnus. Personalet jobbar på tvers av avdelingane, men så langt råd opp mot færrast mogleg brukarar. Eininga samarbeider mest med Helse- og koordinerande eining i saker der grensesnittet i høve tenesteytinga ikkje er heilt klar og tiltak må gå på tvers av einingane.

Søknadar og behov for avlastning er aukande. Helsestasjon og barnevern tek kontakt for samarbeid og planlegging så tidleg som råd. Foreldre ønskjer å ha omsorg for borna sine og dei strekker seg langt. Ofte «slit strikken» brått og venting på avlastning opplevast lang.

Bu- og habilitering har slite med for få stillingar i lengre tid og har difor utstakt bruk av arbeidsavtalar på 3-6 mnd. for å gi lovpålagte tenester. Sjukefråveret har gått mykje ned etter at det har litt sett inn tiltak .Eininga vil profitere på fleire høgere og nye stillingsheimlar for høgskuleutdanna og det er særleg behov for vernepleiarar.

### 6.6.3 Ressursinnsats 2014 – 2017

#### 6.6.3.1 Rammer for driftsbudsjett

Rammer for sektor for velferd

	2014	2015	2016	2017
3100 Helse og koordinerande eining	13 492 534	13 877 534	13 997 534	13 997 534
4000 Velferds kontor	3 960 948	3 960 948	3 960 948	3 960 948
4022 Skjerma eining *	14 358 208	14 358 208	14 358 208	14 908 208
4023 Somatisk eining *	14 284 547	14 284 547	14 284 547	14 284 547
4025 Kjøkken**	2 476 628	2 476 628	2 476 628	2 476 628
4031 Heimesjukepleie***	12 528 409	12 528 409	12 528 409	12 528 409
4032 Omsorgsbustadar og praktisk bistand***	5 855 143	5 855 143	5 855 143	5 855 143
4050 Bu- og habilitering	14 068 709	15 068 709	15 068 709	15 068 709
<b>Totalt netto driftsramme for velferd</b>	<b>81 025 126</b>	<b>82 410 126</b>	<b>82 530 126</b>	<b>83 080 126</b>

\*Budsjettet er ikkje innretta i høve omfang av einingane 4022 og 4023.4022 har 1/3 av pasientane og 4023 2/3.4023 har og ansvar 4026, Samhandlingsreforma inngår .

\*\* Kjøkken er organisatorisk lagt til einingsleiar for somatisk eining.

\*\*\* 4031 og 4032 utgjør heimetenestene med ein einingsleiar.

#### 6.6.3.2 Kommentar til tiltak/avgang drift og investering

Sjå vedlegg 2 Kommentar til innprioritering av tiltak/avgang til drift og investering



**HAREID KOMMUNE**  
**Rådhusplassen 5 6060 Hareid**  
**Tlf +47 70 09 50 00**  
**[postmottak@hareid.kommune.no](mailto:postmottak@hareid.kommune.no)**